

## **Aktivitetsrapport (foreløpig)**

### **Samansetning av styret:**

Styringsgruppa vart endra i byrjinga av året.

Olav Steinar Namtvedt fortsette som leiar av gruppa.

Nye medlemmar av styret vart:

Rune Tjore  
Ottar Olsvoll  
Ann-Christin Hoen

I tillegg møtte Britt-Sissel Kvamme fast som representant for Sæbø ungdomslag.

Sekretær for prosjektet vart framleis Øyvind Thømt

### **Økonomi**

Det vart løyvd 50.000 kr til Sæbø landskapspark frå prosjektet sentralt, medan Radøy kommune løyvde 50.000 kr til prosjektet lokalt.

### **Møter i styringsgruppa:**

Det har vore 8 møter i styringsgruppa.

### **Bygdemøte:**

Det vart arrangert bygdemøte, kor alle som bur på postnummer 5938 vart invitert. Om lag 70 menneske kom. Styringsgruppa orienterte om prosjektet og kva som hadde vore gjort til da. I tillegg orienterte Dirk Kohlmann Tvedt FMLA om prosjektet og litt kva som vart gjort. Dei som hadde vore i Sveits orienterte om reisa si, og kva inspirasjon dei hadde fått ved å besøkje eit anna land med mange av dei samme utfordringane med omsyn til landbruket. Det vart sett av tid til å ha ein diskusjon, kor dei som bur i området kunne komme med innspel.

### **Innleigd hjelp**

Arne Høyland vart leigd inn for å gjøre ein landskapsanalyse for Sæbø-området. Målet med analysen var å sjå på kva moglegheiter det er i kulturlandskapet i høve til å utvikla kommersielle verksemdar. Landskapsanalysen er no klar, og vil vere eit viktig grunnlag for kva prioriteringar som skal vere i arbeidet neste år.

### **Sæbø ungdomslag**

Sæbø ungdomslag vart utfordra til å lage til STREIF –arrangement. Dette vart arrangert den fyrste mai. Det var forskjellige aktivitetar som vart arrangert denne dagen. Frukostservering, utstilling av båtmotorar, tur i landskapet og ein konsert. Arrangementet vart støtta finansielt av STREIF sentralt og av SMIL-midlane. Arrangementet vart svært vellukka, og ein koseleg dag både for dei som arrangerte og for dei var deltakarar.

Arrangementet vart støtta økonomisk av STREIF-sentralt og av dei kommunale SMIL-midlane.

### **Tur til Sveits**

Frå Sæbø landskapspark vart det tre deltakarar til ein studietur til Sveits. Alle deltakarane har etablert egne bedrifter i forskjellige fagfelt som frisør, foredling av kjøt.

### **Økonomi**

Det er budsjettert med kr 100.000 totalt for 2007.

Under er oversikt over bruken av midlene:

## Oversikt økonomi

Lønn	36000
Sveits	15000
Reise	6000
Mat	384
Internetside	6500
Leie av lokale	750
Annonse	1450
Bevertning	1500
Distribusjon	260
<b>Sum</b>	<b>67844</b>

Så kommer reiserekning for samling i tillegg.

Øyvind Thømt  
Sekretær